



Kven kjem etter Jan Frank Christiansen som AFA-leiar? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag gjekk fristen ut for å søkja på jobben som dagleg leiar for pionerbedrifta AFA i Uskedalen. Inntil måndag føremiddag hadde det meldt seg fem søkjarar, alle lokale. Men det er venta fleir.

- Vi seier ja til søknader som kjem inn både måndag og tysdag, sa avgåande dagleg leiar Jan Frank Christiansen til uskedalen.no.

Onsdag skal han ha den første gjennomgang av søknadane saman med styreleiar Hans J. Berge. Christiansen takkar for seg til sommaren etter ein lang og banebrytande innsats for ei viktig samfunnsoppgåve. AFA sysselset 24 yrkeshemma arbeidstakarar og kommunen er hovudaksjonær.

Det heitte i annonsen at AFA ved tilsetjinga av den nye leiaren legg stor vekt på menneskelege kvalifikasjonar. Selskapet treng ein fleksibel og optimistisk stå-på-ar med bakgrunn både frå administrasjon, økonomi og menneskehandsaming, var ordlyden.

Av Ola Matti Mathisen